



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 20, 1. juni 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.

### FESTSPELA

8.-11. juni 2023



## Dei nynorske festspela: 8.-11. juni

Dei nynorske festspela i Ørsta og Volda blir arrangert 8.-11. juni. Årets festpeldiktar er Kari Stai og på konsertprogrammet står blant andre Bjørn Eidsvåg og Sigrid Moldestad. Årets tingingsverk vert framført inst i Romedalen i Ørsta. På programmet bidreg også fleire tilsette ved HVO.

[LES MEIR](#)



## Khrono-debatt på HVO fredag 9. juni

Nettavisa Khrono har no vorte 10 år, og markerer jubileet blant anna med ein debattturnè på høgskular og universitet. Fredag 9. juni blir det Khrono-debatt på Høgskulen i Volda, og temaet er [Handlingsplanen for norsk fagspråk](#). Nynorsk kultursentrum er medarrangør. Dette er ein frukostdebatt som startar i Sivert Aarflot-huset kl 09.00, og interesserte kan møte opp til frukost frå kl 08.30.

[LES MEIR](#)

## Fag og forsking



### HVO-lektor Hagestuen fekk pris for masteroppgåve om norsk som andrespråk

Under konferansen om Norsk som andrespråk i Volda fekk HVO-lektor [Ingrid Vee Hagestuen](#) prisen for beste masteroppgåve i norsk som andrespråk. Prisen er kalla opp etter Anne Hvenekilde, som var den første norske professoren innan norsk som andrespråk. Hagestuen er for tida tilsett som høgskulelektor på Norsk for

Internasjonale studentar ved Høgskulen i Volda, og ho skreiv masteroppgåva si som GLU-student i 2022. [Les meir om prisvinnaren og konferansen på nettsidene våre.](#)

### Avslag på søknad om GLU-utdanning i Kristiansund

Regjeringa har 1. juni 2023 offentleggjort kva søknader som fekk tilslag på utlysinga av midlar til desentraliserte og fleksible utdanningar og lokale studiesentra.

Høgskulen i Volda hadde inne fleire søknader på ordninga, blant anna til grunnskulelærarutdanning i Kristiansund. Ingen av søknadene frå Volda fekk tilslag. Det var ca. 85 prosent avslag for søknadene på denne ordninga. [Her er oversyn over tildelingane.](#)

### Doktorgradsutdanning: Ope møte om 50/50-ordninga - 6. juni

Forskningsadministrasjonen inviterer til eit ope møte om 50/50-ordninga slik den er i dag, og korleis vi skal jobbe mot våre satsingsmål på HVO innan forsking. På møtet vil også [Ingeborg Katrin Lid Berget](#) fortelje om si erfaring med ordninga. Berget disputerte 26. april 2023. Les meir om ordninga [her](#). Alle er velkomne til å kome med innspel. [Les meir om arrangementet på nettsidene våre.](#)

## Studium og studentliv



### AHL: Rykande ferske lærarar!

Her det nyaste kullet av nyutdanna lærarar frå Høgskulen i Volda: GLU 1-7 og GLU 5-10. Fem års lærarutdanning vart markert med bunad og fest. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## **ASH: Markering av nye masterar**

Avdeling for samfunnsfag og historie vil for første gong ha ei felles markering for mastergradkandidatar som er uteksaminerte studieåret 2022-2023. Det skjer i ei markering 16. juni og vert felles for studentane i masterprogramma: "Helse- og sosialfag", "Samfunnsplanlegging og leiing" og Kulturmøte.

## **Ny student? Slik bur du godt i Volda**

Hybelgaranti og landets billegaste studentbustader. Det er berre noko av det vi har å tilby til nye studentar. [Les meir på nettsidene våre](#).

## **Fadderveka 2023: Framleis ledige fadderjobbar**

Planlegginga av Fadderveka hausten 2023 er godt i gjenge og så langt har det meldt seg 130 studentar som ønsker å vere fadderar for nye studentar. Leiar i Faddervekestyret Marte Sørebø Pedersen seier at det framleis er plass til fleire fadderar. [Les meir på nettsidene våre, og meld deg som fadder](#).

## **Høgskulen i Volda har ledige studieplassar hausten 2023**

Toget har ikkje gått om du vil studere til hausten! Høgskulen i Volda har ledige plassar til både gradsprogram, vidareutdanninger og anna. Vi har også opna for opptak direkte til einskilde emne for søkerar som ikkje vil studere på heiltid. Det er to emne på musikk, eitt på teater og to på kulturmøte som no er tilgjengelege ut frå "først til mølla-prinsippet". Musikkfagleg innføring, Ensembleleiing, Voice acting, Brennpunkt Midtausten og Mikrohistorie er dei aktuelle emna. [Les meir og sjekk studieplass her](#).

## **Kva skjer i Volda og Ørsta? Sjekk ut nettsida [orstavolda.no](#)**

På nettsida orstavolda.no er det ein veldig brei og oppdatert [kalender med oversyn over arrangement i Volda og Ørsta innanfor kultur- og idrett](#). Ørsta Næringskontor er [ansvarleg for nettsida](#) som også tek i mot tips og informasjon om arrangement.

## **Menyen i kantina neste veke - og sommarstenging**

Framover blir det redusert tilbod i kantina - det blir berre varm mat i varmeskapet, men også litt ymse godsaker. Siste opningsdag før sommarferien blir fredag 23. juni. Første opningsdag etter sommarferien blir måndag 7. august.

# **Styre og stell**



### **Sommarstenging på Høgskulen i Volda**

Høgskulen i Volda vil halde sommarstengt i veke 27 til og med veke 30, altså frå 3. juli til 31. juli. I denne tida er det berre tilgang for dei som har gyldig nøkkelkort. Sentralbordet og studentsørvis er bemanna i heile ferien og svarar på telefon og e-post. Kantina har siste opningsdagen fredag 23. juni og opnar att etter sommarferien mandag 7. august. Biblioteket er meirope i heile sommarferien for alle som har gyldig nøkkelkort.



## Nytt frå drift/eigedom: Mange byggeprosjekt

På utvida dekanmøte 30. mai vart det orientert om status i mange av byggeprosjekta på høgskulen:

- Sykkelhotell nr. 2 står ferdig ved Biblioteket og klar til å ta i mot syklande tilsette og studentar. Sjå bildet.
- Oppussinga av Store auditorium i BK går for fullt og skal vere ferdig til studiestart i august.
- Biblioteket får nye møblar i løpet av den nærmaste vekene, og lyddempinga reknar vi med kjem på plass i løpet av sommaren.
- Det er sendt søknad til Volda kommune om bruksendring for Hustrykkeriet for å gi plass til Studentparlamentet slik at Akademika kan flytte inn i lokala som Studentparlamentet har i dag. Det er usikkert når godkjenninga ligg føre og når flyttinga kan skje.
- Arbeidet i Hans Strøm-huset går framover som planlagt, men som i dei fleste andre byggeprosjekt no for tida blir prosjektet dyrare på grunn av løns- og prisauke. I tillegg har Statsbygg løyvd 5,5 mill. kroner ekstra for rehabilitering av fasaden på huset. HVO sine investeringar til inventar og AV-utstyr ligg over budsjett, men held seg innanfor totalramma.

# Nytt om namn

## Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no). Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

## AHL: Nye leiarar frå hausten 2023

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) får ein del nye leiarar frå hausten 2023. Førsteamanuensis Randi Myklebust blir ny prodekan for utdanning i staden for Silje Ims Lied som blir ny dekan. Førstelektor Frode Opsvik blir ny instituttleiar på Realfag i staden for Eirik Søvik som blir ny prorektor. Torbjørn Frantsen går på ein ny toårsperiode som instituttleiar på Institutt for digital kompetanse (IDK) og Kari Buset går på ein ny toårsperiode som instituttleiar på Institutt for pedagogikk. Dei andre instituttleiarane har eitt år att av si funksjonstid.

## Veteranar sluttar i studentsamskipnaden Sivolda

Bustadkonsulent Magnhild Eikenes Kile og driftsleiar Jon Petter(Jompa) Lied hadde sin siste arbeidsdag på Sivolda torsdag 31. mai. Kjell-Arne Follestad går inn i stillinga som driftsleiar. Sivolda er også i ferd med å tilsette ny direktør etter Jan Henning Egset.

# Publisering og formidling

## Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Hugs også å legge ved lenke til publiseringa

## Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og

masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

### Fooladi om naturfag og mat/helse i læreplanar

Førsteamanensis Erik C. Fooladi, AHL/Realfag har saman med Maiju Tuomisto og Janni Haapaniemi, begge ved Universitetet i Helsinki publisert artikkelen : "[Food in science, science in food – Interdisciplinarity in science/chemistry and home economics lower secondary curricula across three countries](#)" i tidsskriftet International Journal of Science Education.

Fooladi omtalar artikkelen slik: Artikkelen er en analyse av læreplaner i Finland, Norge og Sverige i perioden mellom 2006 og 2020, der vi har undersøkt muligheter og betingelser for tverrfaglighet mellom naturfag og mat og helse (home economics). [Arbeidet var opprinnelig unnfangenget ifmb. et blogginnlegg jeg skrev i juni 2005](#), plukket opp igjen når jeg ble kjent med de to under vikarstipend ved Univ. i Helsingfors 2014/15, og har fulgt oss til det nå omsider er ute på nivå 2.

### Essay: Gjøsdal om Nynorsk i den kulturelle skulesekken

"Språket i seg sjølv har ei spesiell estetisk kraft som høyrer heime i Den kulturelle skulesekken. Nynorsk i Den kulturelle skulesekken (DKS) er med på å språkbade elevane i nynorsk", skriv [høgskulelektor Guro Kristin Gjøsdal](#), AHL/Nynorsksenteret i [eit fagessay som er publisert på nettstaden Periskop](#). Periskop er ein nettstad for kritikk av kunst for barn og unge.

## Faglege arrangement - og fristar

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

### Fagseminar: Om fortida i framtida på HVO 1.-2. juni 2023

Kva plass har språk-, litteratur- og kulturhistoriske emne i studie- og skulefaget norsk i framtida? Dette er tema for eit fagseminar som blir arrangert på Høgskulen i Volda 1. og 2. juni 2023. [Les meir om seminaret på nettsidene våre.](#)

### Fagseminar: Frå barnehagebarn til nynorskelev – den språklege overgangen frå barnehage til skule - 8. juni

Ein av dei første store overgangane i livet til borna våre er steget dei tek frå å vere eit barnehagebarn til å vere elev i eit klasserom. Kva skjer med språket til barna i møte

med denne nye kvardagen, og korleis møter me desse språkbrukarane på best mogleg måte? Fagseminaret er eit samarbeid mellom Nynorsk kultursentrum, Høgskulen i Volda og Nynorsksenteret og er eit av arrangementa under dei nynorske festspela. [Les meir om seminaret på nettsidene våre.](#)

### Akademiet Yngre forskrarar vil ha 10 nye medlemmer - frist 11. juni

Akademiet for yngre forskrarar (AYF) har no opna for å ta inn 10 nye medlemmer. Frist for å melde seg er 11. juni 2023. Aktuelle søkerarar må vere under 40 år, og medlemskapet varer i 4 år. Akademiet ønskar seg forskrarar frå alle typar institusjonar fagfelt og stillingskategoriar. Kriteria for medlemskap er omfattande og sjølvstendig forsking eller kunstnarleg arbeid, at ein har interesse og høve til å delta i AYF sitt arbeid. [Her er utlysingsteksten.](#)

### Utlýsing av professor/dosentstipend - søknadsfrist 20. juni 2023

Forskningsadministrasjonen har lyst ut professor-/dosentstipend med søknadsfrist 20. juni 2023. Stipendmottakarane blir valde ut på første møte i forskningsutvalet hausten 2023 etter innstilling frå ein kommisjon peika ut av rektor. Dei som søker om stipend må ta til med arbeidet 1. januar 2024. [Les meir om ordninga på nettsidene våre.](#)

### Fjordkonferansen - 20.-21. juni. Tema: Samarbeid

Fjordkonferansen 2023 blir arrangert i Loen 20 og 21. juni og temaet er Samarbeid. Dette er ein tverrfaglig konferanse og nær sagt alle typar samarbeid er velkome, men er spesielt invitert til faglege bidrag som kan koplast til tverretatlig og anna offentleg samarbeid, samarbeid i næringslivet, samarbeid mellom offentlege, og/eller kommersielle og ideelle aktørar, tverrprofesjonelt og tverrfagleg samarbeid, samarbeid mellom profesjonsutøvarar og brukarar, og kunstnarleg samarbeid. [Les meir om Fjordkonferansen og Fjordantologien på nettsida til konferansen.](#)

### Felles sommaravslutning i kantina 23. juni kl 12.00

Alle tilsette på HVO er inviterte til felles sommaravslutning i kantina fredag 23. juni kl 12.00. Det er også ei rekke andre markeringar av års- og semesterslutt på Høgskulen i Volda. Avdelingane har sine sommaravslutningar på desse datoane: AHL 14. juni, AKF 14. juni, ASH 16. juni, AMF 22. juni

### Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer - løpende frist

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan

maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn.  
[Meir informasjon om utlysinga er i nyhendebrev frå Læringsverkstaden.](#)

## Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

### Høgskulen skal tilsette ny kommunikasjons- og marknadssjef - søknadsfrist 1. juni

Høgskulen har lyst ut stilling som kommunikasjon- og marknadssjef og søker etter ein erfaren og engasjert leiari, helst ein som meistrar både strategisk kommunikasjon og marknadsføring. Kommunikasjonssjefen rapporterer til høgskuledirektør, og er med i den administrative leiargruppa og får ansvar for eit kontor med fem medarbeidarar. Blant ansvaret er også å vere redaktør for høgskulen sine nettsider og å ha ansvar for strategisk rådgjeving og støtte til høgskuleleiinga i kommunikasjonsfaglege spørsmål, i alt frå språkpolitikk til kriseinformasjon. [Les meir om stillinga på nettsidene våre.](#)

[Førsteamanuensis, førstelektor, høgskulelektor i idrett/kroppsøving](#) - søknadsfrist

29.5.2023

[Kommunikasjons- og marknadssjef](#) - søknadsfrist 1.6.2023

[Rådgjevar for barnehage og skulebasert kompetanseutvikling](#) - søknadsfrist

11.6.2023

[Stipendiatstillingar i helse- og sosialfag](#) - søknadsfrist 15.8.2023

## Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

### Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

#### Våren 2023:

1.-2.6.2023: [Fagseminar om fortida i framtida](#), HVO

8.6.2023: [Fagseminar om overgangen frå barnehagebarn til nynorskelev](#), HVO

15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

23.6.2023: Felles sommaravslutning for alle tilsette, BK Kantina

## **Hausten 2023:**

1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar  
15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)  
4.-9.9.2023: [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)  
7.9.2023: [Høgskulestyret](#)  
21.-24.9.2003: [Animation Volda](#)  
26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)  
7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

## **Våren 2024:**

7.3.2024: Høgskulestyret  
8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)  
30.6.2024: Høgskulestyret

## **Faste lenker:**

### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

### **REKTORBLOGGEN**

18.5.2023: [Tilstandsrapporten 2023: Kva står der om Høgskulen i Volda?](#)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### **KVA SKJER I VOLDA OG ØRSTA?**

[Rokken](#)  
[ØrstaVolda.no](#)

### **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[Finn-ein-forskar](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorskenterets blogg](#)

[Fjordkonferansen](#)

[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)  
[Offentleg journal \(postliste\)](#)  
[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

**STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:**

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)  
[Studentradioen](#)  
[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)  
[Radio Volda](#)  
[Nærsynet](#)  
[Nærnett](#)

## Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](#)  
E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)  
[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)  
[Meld deg av e-postlista](#)